



## Tilbakemelding på prognoseinntaket

### Kvinnherad vidaregåande skule

---

#### *Vg1 Bygg og anleggsteknikk og vg2 Byggteknikk*

Prognosen viser greie elevtal for både vg1 og vg2.

#### *Elektrofag*

Vg1 Elektrofag: 19 søkjar gjev godt grunnlag for ein klasse. Talet på elevar som vert tekne inn bør aukast frå 12 til 14 elevar for å sikre stabile søkjartal til vg2 Elenergi skuleåret 2017/18

Vg2 Elenergi: 10 søkjarar, der 8 er eigne, er noko lågt. Vi meiner likevel det er grunnlag for å oppretthalde klassen så lenge ikkje reelt elevtal kjem under 8.

#### *Helse- og oppvekstfag*

Samla er det 36 søkjarar(pluss ein HT-søkjar) til vg1 Helse og oppvekstfag. 31 av desse har ungdomsrett. Ved Kvv har vi inneverande skuleår tre vg1-klassar, der den eine gruppa er ei gruppe med redusert elevtal. Ut frå personalsituasjonen ved skulen bør det vurderast å gjera om HT-klassen til ein ordinær vg1-klasse, slik at det vert tilbod om tre ordinære vg1-klassar ved skulen. Den eine HT-eleven vil kunne takast inn i ei av desse gruppene. Dersom det i inntaket vert teke inn 36 eller fleire elevar vil dette vera økonomisk forsvarleg.

For vg2 Barne- og ungdomsarbeidar og vg2 Helsearbeidarfag tilrår vi ein klasse på kvart av fagområda på inntil 15 elevar i kvar klasse.

#### *Service og samferdsel*

##### Vg1 Service og samferdsel

Vi meiner elevgrunnet er tilstrekkelig til at klassen kan oppretthaldast, sjølv om det er låge inntakspoeng for enkelte av søkjarane.

##### Vg2 Sal, service og sikkerheit

Elevgrunnet, to primærsøkjarar med Ungdomsrett, er for lågt til at det på noko vis kan forsvarast at tilbodet vert oppretthalde.



### *Teknikk og industriell produksjon*

Vg1 Tlp: 28 søkjarar til 2 klassar er gode søkjartal sett opp mot arbeidsmessige tilhøve innan fagområde.

Vg2 Teknikk og industriell produksjon: 10 søkjarar er tilstrekkeleg til at klassen kan oppretthaldast, sjølv om det økonomiske kunne vore ønskjeleg med eit høgare elevtal.

### *Studiespesialiserande*

#### Vg1 Studiespesialiserande

Samla er det 70 søkjarar, 69 med ungdomsrett til vg1 studiespesialiserande. Vi ser det som positivt at søkjartalet til programområdet har gått opp når det er nedgang for fylket sett under eitt. Dersom det i det vidare inntaksarbeidet vert endringar som medfører at elevtalet kan bli 75 eller fleir, ber vi om at det vert vurdert å opprette ein tredje parallell på vg1 st.

#### Vg2 og vg3 studiespesialiserande:

Elevtalet på Realfag og språk, samfunnsfag og økonomi, både på vg2- og vg3- må sjåast innanfor ei ramme på 60 elevplassar på kvart trinn. Dvs. at vi som skule handterer ulike elevtal innan realfag og språk, samfunnsfag og økonomi så lenge summen ikkje overstige 60 elevar på kvart trinn. (For STSSA2 må tal plassar aukast frå 28 til 30, jf. prognosen)

#### *Vg3 påbygg*

60 søkjarar, der ein høg del er primærsøkjarar, tilseier at vi som skule har tilstrekkeleg tal elevar til å oppretthalde to klassar. Arbeidsmarknaden i området er anstrengt og tal læreplassar, spesielt innan mekanisk industri er lågare en vanleg. Vi tilrår eit tilbod med 2 klassar skuleåret 2016/17.

#### *Innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar*

Hero opna 15 mars eit asylmottak med 150 plasser på Husnes. Det er uklart når dei første asylsøkjarane kjem til kommunen, kva aldersfordeling, kva behov og rettar desse vil ha jf. opplæringslova. Det kan verta endringar framover våren som tilseier grunnlag for ein innføringsklasse sjølv om dette er lite sannsynleg på noverande tidspunkt.

#### *Småklassar (Kvardagsliv / arbeidslivtrening / praksiskandidatar)*

Struktur og fordeling av elevar vert avklart i eigne møter mellom opplæring og skulen.